



Ny kommune i indre Sunnfjord

Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:
16/3693-53-ØH-
FE - 002

Dato:
29.01.2017

Ny kommune i indre Sunnfjord - referat frå møte i prosjektgruppa 27.01.17

Tidspunkt : Fredag 27.01.17 kl 11.00 – 13.30
Stad : Førde rådhus, møterom Haukedalen

Til stades:

Atle Fasteland, Ole John Østenstad, Thor Ove Farsund, Ellen Jensen, Torill Anita Segtnan (til og med sak 6), Stian Jakobsen, Øyvind Bang-Olsen og Øystein Høyvik

Ikkje til stades:

Trond Ueland, Marit Solheim og Elin Enebakk

Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå 06.01.17
2. Status framdriftsplan v/ Øystein Høyvik
3. Status kommunikasjonsplan v/ Øystein Høyvik
4. Prosjektrekneskapen - godkjenning knytt til årsavslutting 2016
5. Tilbakemelding frå administrativt nettverk v/ Atle Fasteland og Øystein Høyvik
6. Oppsummering seminar 2 i regi av KMD mv v/ HTV
7. Fellesnemnd - vidare gjennomgang av første utkast til notat
8. Prosjektorganisering etter oppretting av fellesnemnd - drøfting knytt til kladd
9. Oversikt og harmonisering - drøfting i høve kva kartleggingsarbeid som kan starte opp v/ Øystein Høyvik
10. Felles formannskapsmøte 14. og 15. februar 2017 – planlegge innhald
11. Invitasjon til idedugnad om digital gjennomføring av kommune- og regionreformene
12. Møteplan
 - a. Møte med kommunalsjefar mv - fastsetting av tidspunkt
 - b. Felles formannskapsmøte 4. april 2017 - endring av tidspunkt
 - c. Seminar april 2017 - fastsetting av tidspunkt
13. Planlegge styringsgruppemøte 03.02.17
14. Eventuelt

Gjennomgang og godkjenning av referat frå 06.01.17

- Godkjent

Status framdriftsplan

- Framdrift godkjent jf. vedteke prosjektdirektiv

Status kommunikasjonsplan

- I rute med unntak av engasjering av informasjonsmedarbeidar

Prosjektrekneskapan - godkjenning knytt til årsavslutting 2016

- Prosjektgruppa har ingen merknader til framlagt prosjektrekneskap for 2016
- Endeleg godkjenning blir gjort av styringsgruppa i møte 03.02.17

Tilbakemelding frå administrativt nettverk

- Om nettverket:
 - KS Vest i samarbeid med KS Konsulent er ansvarlege for nettverket
 - Administrativt nettverk for dei kommunar som har vedteke å slå seg saman
 - Føremålet er å utveksle erfaringar mellom kommunane
- Om første samlinga – 19.01.17:
 - Frå våre kommunar deltok rådmann Atle Fasteland, assisterande rådmann Lise Mari Haugen og prosjektleiar Øystein Høyvik
 - Føremålet med første samlinga var å informere kvarande om status, samt drøfte behovet for eit slikt slikt nettverk
- Vidare deltaking:
 - Til liks med dei fleste av dei andre kommunane vurderer ein det vil vere aktuelt med vidare deltaking under føresetnad av at innhaldet blir meir «spissa» og relevant
 - Det blir lagt opp til to samlingar før sommaren 2017

Oppsummering seminar 2 i regi av KMD mv

- Prosjektgruppa vurderer at det var ein god og nyttig samling sett i høve fagleg innhald og kulturbygging mellom kommunane
- Link til presentasjonar: <http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/kommunereformen/ks-tilbud-til-kommunene/arbeidsgiveransvar-ved-kommunesammenslanger-pa-dagsorden/>

Fellesnemnd - vidare gjennomgang av første utkast til notat

- Utkast til notat drøfta
- I samsvar med drøftingane blir notatet oppdatert, ansvar Ole John Østenstad. Før utsending til styringsgruppa sitt møte 03.02.17 skal utkastet på høyring til medlemmane i prosjektgruppa

Prosjektorganisering etter oppretting av fellesnemnd - drøfting knytt til kladd

- Drøfting knytt til kladd som på eit tidspunkt kan bli notat til styringsgruppa vart drøfta
- Delar av innhaldet i kladden blir flytta til notat om fellesnemnd
- Kladd til notat om prosjektorgansering vil bli oppdatert etter møte med styringsgruppa 03.02.17

Oversikt og harmonisering - drøfting i høve kva kartleggingsarbeid som kan starte opp

- Grunna tidsråma ikkje drøfta
- Øystein Høyvik utarbeider forslag som blir sendt på høyring til medlemmane av prosjektgruppa

Felles formannskapsmøte 14. og 15. februar 2017 – planlegge innhald

- Basert på drøftingane utarbeidar Øystein Høyvik forslag til dagsorden, og som skal sendast til medlemmane i prosjektgruppa for innspel
- Dagsorden blir endeleg fastsett av styringsgruppa i møte 03.02.17

Invitasjon til idedugnad om digital gjennomføring av kommune- og regionreformene

- Utsett

Møteplan

- Møte med kommunalsjefar mv - fastsetting av tidspunkt
 - Øystein Høyvik kjem med forslag på tidspunkt
- Felles formannskapsmøte 4. april 2017 - endring av tidspunkt
 - Utsett til seinare møte
- Seminar april 2017 - fastsetting av tidspunkt
 - Utsett til seinare møte

Planlegge styringsgruppemøte 03.02.17

- Øystein Høyvik utarbeider forslag til dagsorden som blir sendt prosjektgruppa for uttale før oversending til prosjekteigar

Eventuelt

- Ingen saker

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane v/ Træen
Sekom v/ Arnar Helgheim
Styringsgruppa